
Fra: Øyvind H Oddekalv
Sendt: fredag 22. november 2019 10:04
Til: haa-aase@online.no
Kopi: Postmottak Meland
Emne: SV: 19/21850 Ikkje nynorsk på Nordhordland legevakt

Hei

Eg viser til e-post til Meland kommune om manglande nynorsk-bruk på Nordhordland legevakt. Nordhordland legevakt er ei interkommunal teneste for kommunane i Nordhordland, organisert som eit vertskommunesamarbeid med Lindås kommune som vertskommune. Dette betyr at det er Lindås kommune som har det daglege ansvaret for drifta av dette samarbeidet.

Frå Lindås kommune blir eg fortald at dette er tatt tak i og at har blitt arbeidd med å ordne opp i bruken av nynorsk som målform på Nordhordland legevakt. Eg går ut frå at dette blir ordna opp i med det aller første.

Elles kan det, til orientering, nemnast at Alver kommunestyre gjorde vedtak i møtet 31. oktober (sak 017/19), at Alver kommune skal ha nynorsk som målform (jf. mållova § 5). I same møtet hadde eg gleden av å fremje eit fellesframlegg som tillegg til rådmannen sitt forslag. Her vedtok kommunestyret at Alver kommune skal ha nynorsk som administrasjonsspråk, i tråd med det som står i intensjonsavtalen for Alver kommune. Alver kommune blir vertskommune vidare for Nordhordland legevakt.

Mvh
Øyvind H Oddekalv
ordførar, Meland kommune
913 17 450

Fra: Øyvind H Oddekalv
Sendt: 22. november 2019 09:44
Til: Øyvind H Oddekalv
Emne: 19/21850 Ikkje nynorsk på Nordhordland legevakt

Sjå vedlegg